

Leirdalen — ho Brita og han Lars.

Av Råre Dvregard.



Brita og Lars Leirdal minnest farne dagar.

Anleggsmaskinar burar.

Buldoseren støyter og stangar, bryt seg fram gjennom skog og kratt, stein og urd.

Kjempetunge lastebilar, — illfinte gles s av gravemaskinar — og innimellom dunk og døn av brakande dynamitt.

Uldri stilt.

Tida er kostbar for alle. Serleg kostbar er tida når ein skal fullføra eit kraftanlegg tett opp under fjøve storbreen. Der er sommaren stutt og hektisk, — og vinteren både lang og streng.

Nye vegar svingar seg fram gjennom dalsidene. I dag rullar motorreiskapar der ein før sleit seg fram til fots. Utt og fram i eit endelaust kav og mas.. Rotar og grev. Jamnar og fyller. Her skal krefter nyttast til gagns arbeid. Leirdøla, elva som bar trav på vyrnad og age, — elva som i flaumar har vore eit trugsmål både mot fjøve dalen og mot folket som rydjer og byggjer i Leirdalsgrenda, — denne elva er det som no skal temjast og styrast av mennesket sin vilje og teknikk.

Omlag 11 km frå Gaupne fører ein bratt, smal og svingut veg ut til venstre frå Jostedalsvegen. «Leirdal», står det på skiltet. Oppover ber det. Vegen er bra. Landskapet har rettnof ymse får etter vegbygging, — etter utviding av svingar og oppreinsking av grøfter.

Men det stille og mest varlåtne fusinga i gamle trefruner fortel og om andre «får». — Fortel om dei mange såre rygger og føter folk og dyr fekk i den tida alt måtte fraktaft på ryggen.

Vegen svingar seg fram. Klorar seg fast i skorar og dælder, over uffar og svaberg, — innover i svarte skogen og ut på flogbratte hamrelag der elva fossar vill og stridig gjennom trange gjel.

Så opnar lendet seg. Himmelen kvolver seg klår og rauddemå over skinnande, blåvite fjell. Ulsbjørnsnosf og Hest ruvar høge og mektige. Dei står likfom og held vakt og verner om den vesle fjellgrenda som har funne livd her opp i fjellet.

Ingen veit og seia for sikkert kva tid dei fyrste meneska busette seg her. Men ein kan slå fast at i århundre har menneska funne livsvilkår i dalen. Her er framleis seks sjølvstendige gardsbruk med tilfaman 400 mål dyrka innmark. Ei tid var det over femti personar som budde her. Borna hadde sin eigen skule, og gardsdrifta var opplagd med størst mogeleg sjølvberging for auga. I dag har folketalet på gardane gått ned. Det er mellom 20 og 30 personar som har direkte tilfnyting til gardane. Men alle gardsbruka er i full drift. Og Leirdalsbøndene driv jorda si godt framleis. — Driftsmåtane er onnorleis enn før. Arbeidstilhøva er betre. Sjølve blodslitet er borte. Traktor og moderne reiskapar har teke over mange av dei hardaste og tyngste arbeida. Tida stiller andre krav enn før. Tidlegare var oppgåva å kunna overleva, — idag er kravet at ein også skal leva og få del i dei ålmene samfunnsgodene.

— Både han far og ho mor var fødde og oppvaksne i Leirdalen. Ja, ho mor, Maria Eriksdatter Leirdal, vart fødd på fjellstølen vår, Tveradalen. Det er lengst framme i Tunsbergdalen, omlag 3 timars gonge fram i ville fjellet. Bestemor mi var budeie der. Då tida kom, var det å ropa til seg den andre budeia som var på stølen. Ho kom og hjelpte til med å ta mot den nye, vesle og hjelpelaufe skapningen. Det var ikkje berre å reisa til ei velutstyrt fødestove i den tid. Ein må seia det er under at slitt har gått vel —.

Det er Lars Kristofferson Leirdal som sit og fortel dette. Det er så langt og fredfult i stova. Lars, som fylte 85 år i sommar, er umåteleg klår i tanken og har eit godt minne. Han fortel levande og ekte om slit og møde, om sorg og glede. Det glimtar mildt å augnekroken og smilen og godlaget leifar over heile andletet. Brita, kona hans, rusler rundt om. Ho er lett på foten og snøgg i snuen, — trass å at ho ein av desse førejulsdagane fyller 82 år. Ho er fødd Fosøy og flytte til Leirdal i 1920.

Praten går lett, og saman friskar dei oppatt minne frå eit langt famliv. Dei er baa merkte av eit liv med hardt arbeid. Men det kjem og klårt fram at dei er nøgde med luten sin. No i alle fall ser dei klåraft dei lyse sidene ved livet i den avstengde fjellbygda. Deira høgste ynskje er at også framtida vil bli slik at menneska kan finna hugnad og glede av og bu på dei velstelte gardane i grenda.

— Den fyrste me veit som slo seg ned på denne garden var Per Person Myklemyr. Yngste dotter hans, Brita, vart gift med Erik Larsson Sandvik. Truleg var det dei som kjøpte garden på slutten av 1700 talet. Frå den tid har bruket vore i same slekta. Ho Brita, sonedotter vår som no driv garden, er det niande leddet me sikkert veit om.

Både Lars og Brita er sterkt ættebunden. Det blei ein eigen varme i røysta når dei fortel om dei som har levd før. Unten forteljinga frinsar om han Lars Erikson, som vart kommandert ut i grensekrigen 1812 —, og som kom heimatt fullstendig helsefnekt, eller praten går om sine næraste dei har i dag — syner dei ei ekte kjensle av levande interesse og omsorg.

Det var eit typisk fjølvbergingshushald for alle gardsbruka tidlegare. Kravet og villfåra var: Produisere heime mest mogeleg av det ein trong og kjøpe minst mogeleg. Her var både kvern, turkfestove og smie som var i dagleg bruk dei fyrste åra me stelte.

Nei, eg vart ingen netthent og flink handverkar. Eg måtte tidleg ta meg av alt grovarbeidet på garden og fekk ikkje høve til å læra rette handalaget med høvel og smieutstyr. Derimot var oldefar min, Erik, ein flink og netthent smed. Han var gift med Ingeborg Sølfstedotter Bringe, — dotter til den kjende Bringesmeden. Truleg har oldefar lært ein god del av svigerfar sin. I alle fall smidde han reidskapar me hadde bruk for. Særleg kjende er dei «finknivane» med reinshornskaft han laga.

Me samla foret i alle utmarker. Lite av garden vår var fulldyrka og me måtte difor finna dyreforet der det voks vilt. Nokk av det hardaste barskaste onnearbeidet føregjeff på dei store og flate grandane i Tunsbergdalen. Dalbotnen er flat, og elva lagar store og små sumpar og søyler over store vidder det voks vilt. Nokk av det hardaste og barskaste ut i tjørnene og søylene til vatnet nådde opp i bukseliningen og slo grasjet. Ljåane me bruka var spesialsmidde. Dei var store, lange og breie, og festa til eit langt orv. Det var forresten «Fjøresmeden» Erik Øyrebø, som i mange år laga desse spesialreiskapane. Etter at grasjet var slege, måtte me føra (fløyta) det til lands og hejja.

Det røynte på både rygg og mage å stå i vatn til opp i veikalivet og bruka orvet dag etter dag. Det var på ettersomaren denne slåtten føregjeff, oftast frå Larsot (10. aug.) og utover. Grasjet ein fann var nok veik og hadde lite næring, men dyra åt det godt.

— Jau, det røynte på både helse og vilje, smiler Lars, — men fjølv var eg med på dette arbeidet frå eg var 11 år gamal. Og år om anna fann me 18 — 20 store turhøylafs i sumpane i Tunsbergdalen.

— Nei, det var ikkje mykje me dreiv med geiter. Me hadde helst mjølkfyr og sau. Då det var heller småe høvavlingar, måtte me bruka mykje lauv, — ferleg til sauene. Det var vanleg å lauva bort mot 4000 bjørkelnub, omlag 1000 raunelauv og nokre hundre ospelauv. Me hadde mykje sfog, men med slit drift gjekk det hardt ut over han og.

— Sau, slit var det fakte før me fekk lauvet i hus, men jammen var det arbeid med lauvet når me skulle gje dyra og. Gamleuthuset var 50 m langt, avdelt og inndelt i gangar og rom, trapper opp og trapper ned. Smalehuset vårt var forresten i tre etassar. Det var litt av ein tur frå me henta lauvet i lavstålen (brotet) og til me hadde fått dei småetne buffene ut av smalehusdøra att. For ofs kvinnfolka byrja dagen i 5-tida om morgonen, og stilt var det sjeldan før flokka 11 om kvelden.

Me skulle syte for at det var noko både etande og slitande for alle. Badmål var grepa greier både for far og kvinne, men det er mange snuar frå ein tek ulla av sauen til ein kan smetta på seg den heimesyddde fledningen. Rokkedur og taktfaste dunk og slag av vevvogn og slyttel var vanlege lydar i seine kveldstimar, — hjå ofs som alle andre på den tid, fortel Brita. Elles gjekk det mykje tid til bøting og vasking. Når farane dreiv i sfogen eller med anna tungt grovarbeid i nybrot, røynte det hardt på flede. Ein ville no at alle skulle gå i så nokonlunde heile og reine flede.

— Ja då. Eg var jonsokbrud. Bryllaupen vart halde i Leirdalen 24/6 1920. Me pynta og stasa ofs til, og så var det å ta føtene fatt og gå ned til Leirmøyrgarden. Det var 3 km med dårleg, bratt og vanskeleg fløvveg. Du veit me laut vera varsame. Frå Leirmo og heim i Gaupne førde me med hest og stolkjerre, smiler Brita.

Røyrefaren vår var ikkje van med så småe vegar, og heller ikkje hadde han noko øving i å føyra med unghest. Det hende difor to gonger at eg måtte gripa taumen og få hest og vogn på rett kjøl att. Siste staden var i sjølve Ryrkjereina i Gaupne. Hesten kom for langt ut på kanten, og det var på heftande håret at me ramla utfor vegen. Det hadde vore litt av ei hending om brureparet hadde velta utfor vegen like ved kyrkja, — småler Lars. — Men det gjekk heldigvis godt, og me kom ofs vel heimatt til Leirdalen og høgtida bryllaup 3 dagar til ende.

For meg var det eit omskifte. Eg var van med meir ferdsel og fleire folk omkring meg i Fosøyane. Men eg hadde sjølv valt ektemake med dei oppgåver og pliktar som fylgde med det. Arbeidsdagane vart både lange og harde. Det vart ikkje tid til å sutre eller å utrivast. På ni år fekk me ein barneskoff på 4 gutar og 2 jenter å syta for. Men helva var heldigvis god, så me tolde både lange arbeids dagar og urolege netar.

— Fyrste åra vi var gift var harde og vanskelege, seier Lars. Barneskoffen auka, me måtte svare to får (foreldre og besteforeldre), og då me ei tid var særst uheldige med husdyra våre, var det smått med kronene til det som skulle kjøpast. I tillegg vart ho mor sjuf og sengjelliggjande over 3 år. Heile denne tida var det Brita som stelte henne. Heimehjelp, husmorsvikarar eller andre offentlege, sosiale institusjonar høyrde me ikkje gjete den gongen —.

— Dei fyrste åra medan borna var småe og fram til 1937 var eg heime på garden om sumaren. Men frå 1937 til 1958 var eg på stølen i Tveradalen til kvar sommar. Då hadde eg buskap på 10 — 12 — 14 kyr.

Det hende eg mjølka bort i mot 100 l mjølk med hand for dagen. Me koka ost av mjølka, og det var etter kvart både mange og store ostar å pakka på fløvhesten.

— Ved ja. Til vanleg var det karane som fytte for stølsveden, men det hende no ikkje så sjeldan at eg måtte ta bëratoget på ryggen sjølv og. Det skulle mykje til når ein kofte 7 — 10 kg om dagen.

Mangt å mykje har desse to å fortelja. Tida går fort når ein sit i hyggjeleg prat. Tankane går attende til ungdommens vår, — då dei sterke og modige starta samlivet og fram til i dag. Mange minner bli dregne fram. Og dei to hjelpteft åt med å fortelja. — Alt blir så levande og ekte, — ein ser hendingane føre seg.

— Som den gongen Lars saman med tre av sønene sine dreiv og fann bjørkenever i Bjørkedotten midt framme i Tunsbergdalen. Då var han så uheldig å ramla ned frå bjørka og meinslo seg slik at han knuste ein ryggvirvel. Han uvita av smerte, og gutane trudde han heldt på å døy frå dei der, — 2 timars gonge frå folk. Den eine la på sprang heimatt til Leirdalen for å fortelja og henta hjelp. Dei andre to vart att og skulle freista få faren med seg ned i dalbotnen og heimover grandane. Dei halvt bar og drog han mellom seg ned den ulendte marka. Det var ingen god transport forkje for dei som bar eller for han som hadde sundbroten rygg.

Ho spurde ikkje etter fylgje ho Brita heller då guten kom og fortalde kva som hadde hendt. Ho var den me fyrst møtte, etterpå kom det fleire framover dalen. Dei hadde med seg eit par store åklede og staurar, Lars vart lagd på denne båra og boren heimatt. Men problema var ikkje slutt med dette. Leirdalen hadde ikkje veg og ikkje telefon. Doktor måtte på staden, og ein av gutane vart send til Ulsmo for å ringja etter doktorhjelp. Etter ein del bal og problem lova doktoren å koma.

Det gjekk godt. Lars kom seg att etter måten fort og vart full arbeidskar att.

— Eller det er ho Brita som på den rolige måten sin fortel at ho sommaren 1955 var på stølen i Tveradalen. Då såg ho bjørnespor fleire gonger omkring der ho henta veden. Det var visseleg ikkje noko hyggeleg tanke å tenkja at ho hadde ein slik rugg til næraste granne. Men ho måtte passa arbeidet sitt, og det gjekk godt. Ho såg ikkje noko til bamsen. Og lit fram på våren neste år måtte sauetjuven lata livet. Det er den fiste bjørnen som er skoten her i nærleiken. — Men ellers var det i gamle dagar mykje bjørn her i dalen, feier Lars. Og før me veit ordet av det er me langt inne i fleire spanande bjørnejaktfoger. Soger om modige fhyttarar, om heldige og uheldige jaktturar. Men Lars fortel og om underlege og utrulege møte mellom bjørn og menneske her inne i fjella.

— Jau, ho mor gjeff direkte fram på ein bjørn ein sommar. Det var i 1891. Ho var då i Tveradalen. Ein kveld kom ikkje geitene heimatt, og ho tok ut på leiting. Det bar fram mot Brimfjelen. Borte i dei bratte bakkane var blomen nedlagt slikt han blir når nokon går gjennom blommas. Det var lettare å gå der, så ho tok leia opp bakken. Komen opp på bakketoppen, — der ser ho ein fjempestor bjørn ligg 4 — 5 meter framfor seg. Han låg heilt roleg. Ho stoff og vart ståande heilt stiv av redsle. Men så hugsa ho kva far hennar hadde sagt om ho nokon gong skulle koma til å møte bjørn: For all del, spring ikkje veitlaus! Ho stod difor heilt still.

— Bjørnen reiste seg seint opp på fram-labbane og vart sitjande på bakken og skoda på henne. Då byrja ho å gå seint og roleg attlenges nedover brotet att. Ho såg for bjørnene strekte hals og såg etter henne, men han let ho gå — .

— Ho mor torde ikkje gå direkte heim på stølen den gongen. Ho måtte roa seg ned fyrst, for no kom fjelvinga over ho. Ho gav seg difor tid nede på myrane og plukka litt molte til borna og den andre budeia som var att heime på stølen.

— Det var ikkje sagt noko om dette møtet då mor kom heim, men den andre budeia såg det på ho og stjona straks kva ho hadde opplevd.

Lars og Brita fortel og om den årlege seinsommarflaumen frå Brimfjelen, — fume år retteleg storflaum, andre gonger mindre. Verst var det i 1926. Då vart to kvernar revne vekk, og store mengder jord og dyrka mark vart grave bort i flaumen. — No har breen tøya ut så mykje at nokon alvorleg flaum har det ikkje vore dei siste åra.

Arbeidet med slått og lauvving i Tunsbergdalen er slutt for alle og for alltid. — Me fann ut at det svara seg betre å dyrka og stella jorda her heime enn å springa i alle utmarker med låg og snel, — seier Lars. — Då me overlet garden til Kristoffer, hadde me omlag 75 mål fulldyrka eng. Idag er nye 25 mål lagt under plogen. Jorda er god, og det blir gode avlingar. Me har dyrka korn, både havre og bygg. Men frost og uver med regn og vind gjorde forndyrkinga til eit sjansespel for oss som ligg så nær inn til sjølve storbreen. Det er difor slutt på kornåfrane i Leirdalen.

— Og sjølve Tunsbergdalen skal leggjast under vatn. Det er synd å misse dei gode beita og dei fine skogateigane. Rett syrgjeleg er det med all den fine skogen som skal hoggast ned og brennast til inga nytte.

— Det som var livsvilkåret, eksistensgrunnlaget, for oss i unge år: Tunsbergdalen med slåtteteigar og lauvskog skal no heilt øydeleggjast. Trass i at me ikkje hysker nokon skal måtte gå gjennom same slitet som vår generasjon, tykkjer me det er vedfjomeleg når denne delen av vår vesle verd skal bli borte!

— Jau, det er fint at anlegget er kome igang. Her er liv og rørsele i grenda, og både far og kvinne har nytta sjansen til å tena nokre kroner. Mest alle karane i Leirdalen har ein eller annan jobb på anlegget.

— Og dei framande arbeidarane er så kjeffe og greie, seier Brita og Lars i for.
— Dei er snille og hyggelege, og har ikkje vore det minste til mein eller bry for oss.
Me har ingen ting å klaga dei for, dei har alle heile tida oppført seg fint mot oss —.

Leirdalen: Gjellgrenda med stutte somrar og lange, snørike vintrar,

- utan telefon til fyrst i 50-åra,
- utan elektrisk kraft til 1958,
- utan bilveg til 1963,
- seks gode gardar, 400 mål dyrka eng,
- bjørnejakt, storflaum, kraftutbygging — .

Men kva var Leirdalen utan folket? Folket som i tolmød og truskap har bore gode og vonde dagar — som har bore den børa dei har teke på seg. — Folket som har bala kvar med seg, men som og alltid har hatt eit vake auga for om nokon trong hjelp. — Anten det har vore vanleg grannedugnad når nye hus skulle byggjast, eller det er snakk om eit «samtaf» i potetåkeren, — alle har vore ferdige til å hjelpa.

Bygde-Noreg har mange slike grender som Leirdalen.

Her er sikkert fleire kvinner og menn som Brita og Lars.

Men grenda og personane som her er nemnde, representerer ein tidbolff som diverre snart er gløymd og borte.

Lat difor ho Brita og han Lars i Leirdalen få stå som representantar for den generasjon me har å takka for den velstand og tryggleik me alle nyt godt av i samfunnet vårt.

Lat oss takka og æra!



Bjønnaposten.

1975.

Artikkelen er gjeve att med løyve frå Torodd Toranger.